BaseCamp i tre omgongar

17.01.2009

Leiar i Kvinnherad Turlag Anne Kari Enes, her som indianar på Fjellandsbø, lokkar med ein blanding av gamalt og nytt i 2009. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No føreligg Bergen Tulag sitt turmagasin og fortel mellom anna at det dette året blir BaseCamp i tre omgongar i Uskedalen.

DNT ung Bergen skal ha camp frå 3. til 7. august og skriv at ”Uskedalen drar og lokker i de som liker å befinne seg i den skarpe enden av klatretauet”
Dette er ein leir ein bør delta i hvis ein vil prøva seg på fjellklatring og kajakkpadling, dra på flotte toppturar og vandra i blåisen, blir det understreka.

Presentasjonen held fram slik:
”Vi slår leir i en uke og utforsker området fra den dypeste dal til den høyeste topp, vertikalt, til lands og til vanns. Etter dager fulle av aktiviteter samles vi i leiren og spiser masse god mat rundt målet. Det blir et garantert høydepunkt i sommerferien!”

DNT Fjellsport Bergen skal ha BaseCamp her i dalen i to omgongar, først frå 29. mai til 1. juni og så frå 28. til 30. august.

Kvinnherad Turlag eige program for dette året er ein blanding av gamalt og nytt. Dei gamle fotturane til dei høgste Kvinnherad-toppane er med (Den tradisjonelle Nåsoturen går til dømes 5. april etter den vanlege ruta) og det er også breturane på ski eller til fots.

Det nye er først og fremst representert ved tilbod til borna og turar for vaksne i lettare lende, der hovudvekta ligg på det sosiale og formidling av kulturhistoie. Padleturar, både i heimlege farvatn og lengre unna, har kome med dei siste åra og tilbodet vert utvida i 2009. Det blir også lagt opp turopplegg i samarbeid med granne-turlag. Allereie frå 20. til 22. februar er det planlagd ein skitur i lett terreng i den østlege delen av Stølsheimen. Skituren over Folgefonna til Rosendal går 2. og 3. mai og turlaget drar til Finse for å feira 17. mai med skitur på Hardangerjøkulen..

Heile turprogrammet er å finna på nettsida:
www.bergen-turlag.no/kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen